

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 15.12.09

SAKLISTE

- 64/09 SKRIV OG MELDINGAR
- 65/09 REGLEMENT FOR DELEGERING – REVISJON
- 66/09 VAL AV NY OVERFORMYNDAR 2010-2013
- 67/09 HEILDAGSTILBOD VED DALSSØYRA BARNEHAGE EVALUERING OG OPPFØLGJING
- 68/09 PROSJEKT VERNA ARBEIDSPlassAR
- 69/09 FYLKESKOMMUNALE TRAFIKKTRYGGINGSMIDLAR – AKSJON SKULEVEG 2010
- 70/09 KOMMUNALPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET – REVISJON FOR PERIODEN 2010-2013. GODKJENNING AV PLAN.
- 71/09 FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2010
- 72/09 BUDSJETT 2010/ØKONOMIPLAN 2010-2013

Stad og tid: Brekkestranda fjordhotell, kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Ordførar Trude Brosvik

Julehelsing frå ordføraren

Samtidig med at første adventslyset vart tent, så kom det kalde, klare finveret! Eg håpar vi får ei fin førjulstid, med ettertanke om julebodskapen, kjekke vennetreff og tid til familie. Kanskje er ei "tidsgåve" det kjekkaste å få i adventskalendaren??

Det er i alle fall rikeleg kjekke opplevingar å få med seg i Gulen. På Byrknesøy sette ei rad jenter opp ein musikal som heitte "Stopp, ikkje mobb". Svært godt om eit alvorleg og viktig tema. Hugs at også den som ser på mobbing, utan å gripe inn, er ein mobbar. DU kan gjere ein forskjell, både på skule, på arbeidsplassen og i bygda.

I Brekke har bygdekvinnelaget gjort eit storarbeid med å registrere gamle smykke. Flott markering av kulturminneåret! Og det er laga eit fint hefte, der dei deler av kunnskapen sin.

1. søndag i advent var 4. radiogudsteneste frå Gulen på lufta. Mykje og flott song. Mange, frå alle delar av landet, har meldt tilbake om positive opplevingar knytt til desse gudstenestene, så

takk til alle som har vore med. Særleg takk til Jens prest og Kristoffer organist. Dagens Næringsliv er ei avis, som kvart år kårar "Gaselle-bedrifter". Bedrifter som har stor vekst. I fylket vårt var fem av nitti bedrifter frå Gulen!! Det er veldig bra. Gratulerer til Byrknes Auto, Johny Birkeland Transport AS, Miljøkompost AS, Total Rekneskap AS og Firda Sjøfarmer AS. I Sløvågen reiser brua som skal knyte saman Ytre Gulen og fastlandet seg. Lekterane som skal ta ho på plass, er tinga til siste veka i juli. Og har du merka at vegen frå Steine til Sløvåg er blitt breiare? Det kan vi takke Hans Wergeland for. For han kjøpslo med vegvesenet om at dei fekk nytte areal til brubygging gratis mot å utbetre vegen. Kjempeflott!

Og går det som "planlagt" vil fylkestinget i desember seie ja til kabelferje til Hisarøy. Det er mykje snakk om omdømmebygging for tida, og ikkje berre i Gulen. Alt det som er nemnd ovanfor er omdømmebygging i ypperste klasse! Og vil du ta aktivt del i omdømmebygginga, så er det å fortelje vidare alt det gode vi har. (Og det du ikkje er heilt nøgd med, er lurt å ta opp med rette vedkomande.) Men vi har altså mykje å glede oss over, takke for og vere stolte av!!

Ei avis var redd for at ingen lenger lærde salmar, og at ein kulturskatt gjekk tapt. La oss bruke julesongane mykje denne månaden. Her er eit vers av Jakob Sande sin flotte "Det lyser i stille grender":

"Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall."

God jul til alle innbyggjarar!

Helsing Trude



Opningstider i jula

Ekspedisjonen

Julafta	kl. 09.00-12.00
Romjula	kl. 10.00-14.00
Nyttårsafta	kl. 09.00-12.00

Det vert bemanning på sentralen
telefon 57 78 20 00.

Kunngjering om budsjett og økonomiplan

Budsjett 2010 og økonomiplan 2010-2013 ligg til offentlig ettersyn på ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida frå 01.12.09 til 15.12.09

Merknader kan sendast til Gulen kommune, 5966 Eivindvik

Ny info vedt. husnummerskilt

For dei som har bestilt hos kommunen: Kommunen har sendt inn ei samlebestilling hos skiltleverandør. Skilta er diverre ikkje komne enno. Vi må nok rekne med at dei vil kome over nyåret.

Meir informasjon om tidspunktet vil kome i aktuell infopost og på heimesida.

For dei som ikkje har bestilt skilt: Gulen kommune tek framleis mot etterbestillingar. Ta kontakt med Gulen kommune, tlf. 57 78 20 00 så ordnar vi bestilling.

Absolutt frist for dette er: 16.12.09.

Ringevikar

Vi ynskjer å kome i kontakt med personar som kan vere vikar ved frávær hos våre faste tilsette.

Aktuelle einingar er pleie og omsorg, barnehage og skular i dei 4 skulekrinsane.

Som ringevikar er du ikkje forplikta til å seie ja til vaktene du vert spurd om. Løn etter gjeldande tariff. Krav om politiattest ved arbeid i barnehagar og skule.

Om du vil vere ringevikar, eller har spørsmål kring dette, ta kontakt med leiar løn og personal, Mona Molland, på tlf. 57 78 20 25/ ekspedisjonen 57 78 20 00.


Barnevern med nye lokale

Etter utbygging av kommunehuset har eininga Barnevern fått nye lokale. Dei finst no rett til høgre for hovudinngongen.

Ny ekspedisjon

Samstundes har ekspedisjonen òg flytta, og ligg no rett til venstre etter hovudinngongen.

Har du enno ikkje kjøpt julegåver?



I ekspedisjonen har vi ei rekkje flotte bøker til sals.

Brekke Herred (pr. bok)	kr 300,-
Brekke Herred I-III	kr 400,-
Brekke: Tun og Ætt	kr 550,-
Destination Viking –Western Viking Route	kr 100,-
Farne Tider:	kr 149,-
Glimt frå Gulen – 92	kr 50,-
Glimt frå Gulen – 94	kr 75,-
Glimt frå Gulen – 2000	kr 100,-
Gulatingsboka	kr 350,-
Gulen i Gammal og Ny Tid (pr.bok)	kr 600,-
Gulen i Gammal og Ny Tid I-III	kr 1300,-
Krigsår	kr 448,-
Norge Blir Et Rike	kr 295,-
På Tur i Gulen	kr 50,-
Stadnamn Frå Brekke III	kr 75,-
Vestlandskunstnaren Mons Breidvik	kr 248,-
Tjuvar , drapsmenn, bønder og kongar	kr 270,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Ta kontakt på tlf. 57 78 20 00.

Vaksinasjon mot svineinfluensa

Gulen kommune vil no få tilsendt vaksiner fortløpande, og alle innbyggjarane vil få tilbod om vaksiner.

Eivindvik legekantor

Tysdag	15.12.09	kl. 09.00-12.00
Torsdag	17.12.09	kl. 09.00-12.00
Fredag	18.12.09	kl. 09.00-12.00

Ingen timeavtale!

Har du spørsmål, ring smittevernlege Tom Bache-Wiig 909 47 665 eller 57 78 42 90.

For meir informasjon, sjå også www.pandemi.no





Gulen kommune
- historisk og framtidssretta

www.gulen.kommune.no

Best i test!

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) gjer kvart år ei kvalitetsvurdering av kommunale og statlege nettstadar.

I år kom Gulen kommune sin nettstad best ut i Sogn og Fjordane!

Av 684 nettstader på landsbasis kom Gulen kommune på 34. plass.

Vi ynskjer framleis konstruktive tilbakemeldingar frå publikum. Dette er viktig for å oppretthalde ein god og brukervenleg nettstad.

Bruk aktivitetskalendaren

Har du eit arrangement (t.d. ein dans, samling m.m.) og lurar på korleis du skal informere om dette? Eller lurar du på kva som skjer i kommunen?

AKTIVITETSKALENDER							
DESEMBER 2009							
	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

På Gulen kommune si heimeside har vi ein aktivitetskalender der du finn ulike aktuelle aktivitetar og tilstellingar og du kan sjølv leggje inn ditt arrangement.

Tusen takk for hyggjelege stundar

Vil med dette takke Dalsøyra songkor, Dalsøyra skule og saniteten for diverse tilstellingar ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter gjennom året. Dette tykkjer bebuarar og personalet er veldig hyggjeleg og me håper de kjem igjen til neste år!? Vil også med dette få takke enkeltpersonar som kjem med helsingar til personalet og bebuarar.

TUSEN TAKK ALLE SAMAN.

Mvh bebuarar og tilsette ved Dalsøyra bu og omsorgssenter.
v/Therese Kjelby Asheim (einingsleiar)

Kommunal koordinator

Gulen kommune har oppretta ei ny stilling som kommunal koordinator. Denne skal syte for at barn, unge og vaksne med behov for langvarige og samansette tenester får dei tenestene dei har krav på.

Wenche Leite er tilsett som koordinator. Ho er å treffe på Gulen sjukeheim:

Torsdag og fredag 57 78 16 88/ 970 09 495

UKM 2010

12. februar på Dalsøyra samfunnshus



For meir informasjon og påmelding, gå inn på www.ukm.no

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med Ole Neset Nerdal e-post: olenardal@hotmail.com

eller på mobil 995 16 190

Smykkeprosjektet

Ein god del gamle smykke frå bygdene i nærområdet vårt er registrerte, fotograferte og samla i eit hefte.

Du får kjøpt heftet i Eivindvik på kommunehuset og på Dalsøyra handel A/S,

i Brekke på butikkane til Samvirkelaget og Ellingsen. Pris: kr 100,- før jul, og kr 150,- seinare.

Brekke Bygdekvinnelag og Brekke Folkeakademi



Dette skjer i kyrkja



13. desember kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

13. desember kl. 15.30:

Adventskonsert i Mjømna kyrkje

Laurdag 19. desember kl. 15.30:

Adventskonsert i Brekke kyrkje

20. desember kl. 15.30:

Adventskonsert i Gulen kyrkje, Eivindvik

24. desember:

Kl. 11.00: Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

Kl. 14.00: Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

Kl. 16.00: Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

25. desember kl. 13.00:

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

26. desember kl. 11.00:

Høgtidsgudsteneste i Mjømna kyrkje

31. desember kl. 23.00:

Midnattsmesse i Brekke kyrkje

3. januar:

Ikkje gudsteneste

10. januar kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

17. januar kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

24. januar kl. 11.00:

Gudsteneste på Byrknes bedehuskapell

31. januar kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje

7. februar kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

Nytt frå NAV Gulen



Tlf. 57 01 63 20

15. desember opnar NAV-telefonen i Gulen. Du vil bli møtt av ein hyggjeleg person frå Leikanger som raskt svarar på din henvendelse.

NAV Gulen er stengd jul- og nyttårsafta.

Opningstider i romjula er frå kl. 10.00-14.00

I "Dine utbetalinger på nav.no" kan brukaren sjekke komande og tidlegare utbetalningar frå NAV.

Dine utbetalinger nåast frå forsida av www.nav.no, i det lille kampanjefeltet som ligg over arbeidssøkjjar og -givarmerneyen. Tenesta viser utbetalningar for dei siste tre månadane. Ytelser frå kommunen, for eksempel økonomisk sosialhjelp, er ikkje ein del av løysinga.

OBS! Helseføretaka utbetaler reiseoppgjer frå 17. november 2009!

Det er ingen endringar når det gjeld rettar, men nokre praktiske endringar for deg som reiser utan rekvisisjon:

- Du skal ikkje lenger oppsøkje NAV for å få tilbakebetalt reiseutgifter.
- Du får det nye reiserekningsskjemaet hjå behandlar eller hentar det på www.pasientreiser.no
- Det er informasjonsskrankar på sjukehusa i Førde, Eid og Lærdal. Her kan du få informasjon og rettleiing.
- Reiserekning med originalkvitteringar og stadfestingar (t.d. at du har vore til behandling) sendast til:

Helseforetakenes senter for pasientreiser,
Postboks 2533, 3702 Skien

Søknad om frikort sendast til NAV Gulen.

Ring 05515 for spørsmål om:

- Reiseplanlegging
- Ufylling av reiserekningsskjema
- Informasjon om reiseoppgjer
- Bestilling av reise med rekvisisjon

